

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen**Referanse**  
2014/11439-1**Dato**  
06.02.2014

## **Ferjesamband Stord - Kvinnherad - Ferjeleie på Stord - Svar på spørsmål**

I møte i Samferdselsutvalet 19. mars stilte **Svein Halleraker** følgjande spørsmål:

### ***Ferjesambandet på fylkesvegen mellom Stord og Kvinnherad.***

*Det er viktig med gode samband mellom dei to mest folkerike kommunane i Sunnhordland, dessutan er Leirvik regionsenter med sentrale funksjonar som m.a. sjukehus og tingrett. Dagen løysning med ein unødig lang ferjestrekning er ikkje bærekraftig og hemmar i vesentleg grad sambandet mellom ytre og indre deler av Sunnhordland.*

*Skjersholmane som er dagens ferjeleie på Stord-sida, blei etablert som ei midlertidig ordning i 2001. Det er på høg tid at denne midlertidige ordninga vert erstatta av ei permanent og langt meir hensiktsmessig løysning.*

*Det er gjort fleire utgreiingar om nytt ferjeleie, men så langt er det ikkje konkludert. Det er også på Kvinnheradssida gjort utgreiingar med sikte på å korte ned ferjestrekninga mest mogleg. Planprosessen for ferjefri E39 er nå starta opp, denne vil omfatta påkoplingspunkt for tverrsambanda inn mot E39. Dette aktualiserar spørsmålet om ny trase for fergestrekninga Stord - Kvinnherad.*

*Korleis ser Hordaland Fylkeskommune sin rolle i dette og kva initiativ vil fylket som vegeigar ta i samband med dette?*

### **Tidlegare handsaming**

Sambandet går mellom Skjersholmane og Ranavik. Det blir trafikkert av Norled AS som har kontrakt fram t.o.m. 31.12.2018, med opsjon for eit år lenging av kontraktsperioden.

I 2009 vart det framlegg til kommuneplan og konsekvensutgreiing for lokalisering av ferjeleie på Stord sida i ferjesambandet Stord—Kvinnherad lagt fram til offentleg ettersyn. I tillegg til nullalternativet med dagens lokalisering på Skjersholmane, vart 4 alternativ vurderte:

Alternativ 1: Djupavika

Alternativ 2: Sævarshagsvikjo

Alternativ 3: Kvernaneset

Alternativ 4; Jektevik.

Fylkesutvalet gjorde m.a. eit slikt vedtak 18.02.2009:

1. «*Forslaget til kommunedelplan for ferjesambandet Stord – Kvinnherad med konsekvensutgreiing er utarbeidd og gjennomført i samsvar med planprogrammet.*

2. *Fylkesutvalet støt Statens Vegvesen si tilråding om alternativ 3 Kvernaneset. Då ferjekai med tilførselsveg vil vere eit inngrep i eit naturområde med friluftinteressar, må det stillast store krav til avbøtande tiltak i samband med reguleringsplanarbeid og gjennomføring.»*

.....

Under handsaming av planen ønska Stord kommune at det skulle utgreiast eit nytt alternativ 1 med ei ny plassering av både kai og tilkopling av kaia og ei alternativ tilkopling til E39. Statens Vegvesen kom med ei tilleggsutgreiing desember 2011, som vart kalla Djupavikneset. Det vart lagt fram ein tilleggsutgreiing desember 2011 der dette vart utgreidd.

I eit høyringssvar til Stord kommune om tilleggsutgreiinga datert 29. januar vart det konkludert med følgjande:

*«I høve til utgreiingstema landskap og kulturminne er nytt alternativ ved Djupavika lite konfliktylt, sjølv om framtidig reguleringsarbeid vil måtte handtera tilhøve til potensielle marine kulturminne og god estetisk tilpassing av sjøve ferjekaien. I høve til samfunnsnytte kjem det nye alternativet dårleg ut pga dei høge kostnadene. Hordaland fylkeskommune held difor på tidlegare høyringssvar om at Kvernaneset er det beste alternativet for lokalisering av ferjeleie på Stord.»*

Kommunestyret på Stord gjorde slikt vedtak 19.12.2013 i sak om Kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Fv 544 ferjesamband Stord - Kvinnherad. Lokalisering av ferjeleie på Stord: (PS 95/13):

1. *«Kommunestyret vedtek å avslutta arbeidet med kommunedelplan og at Skjærsholmane inn til vidare vert oppretthalden som ferjeleie på Stordsida.*
2. *Kommunestyret ber om at Statens vegvesen utfører tilleggsutgreiingar for framtidige kryssingspunkt for ferjetrafikk mellom kommunane Stord og Kvinnherad basert på endeleg val av trase for ferjefri kyststamveg.*
3. *Kommunestyret ønskjer også å sjå spørsmålet i samanheng med planarbeidet for E39 over Stord med særleg vekt på trafikksikring og ein meir skånsom arealbruk for tilslutningsvegane knytta til dei ulike alternativ som vert fremja.*
4. *Kommunestyret ønskjer vidare ein dialog mot fylkeskommunen m.o.t. ein tidsplan for gjennomføring av prosjektet. Me ber fylkeskommunen vidare undersøka bruken av moderne raskare og miljøvenlege ferjer, og sjå på synergieffektar saman med t.d. Rogaland fylkeskommune*
5. *Ein legg til grunn at tilleggsvurderingane (1 og 2) vert lagt ut på høyring før endeleg handsaming.»*

Samferdselsdepartementet har i brev datert 20.12.2011 teke stilling til trase mellom Aksdal og Os, som ledd i oppfølging av KVV Aksdal – Bergen. I brevet seier Samferdselsdepartementet følgjande om veg mellom Aksdal - Os:

*«På bakgrunn av regjeringens behandling av saken, ber Samferdselsdepartementet om at Vegdirektoratet legger til rette for vidare planlegging i saken basert på følgjande premisser:*

- *K4C Midtre linje skal legges til grunn for framtidig E39 mellom Aksdal og Bergen. E39 skal krysse Bjørnafiorden med bru mellom Tysnes og Os.*
- *Prosjektet skal planlegges etter statlig plan etter plan og bygningsloven (pb1) på det nivå der konkrete traser fastsettes, dvs kommunedelplan. Det tas senere stilling til om det også er behov for statlig plan på neste plannivå (reguleringsplan).*
- *Det blir startet planlegging etter pbl i tråd med dette.*
- *Proessen vidare skal legge til rette for å redusere konflikt og uheldige virkningar for natur og kulturminner. Det legges til grunn en god dialog med lokale myndigheter»*

## Vurderingar

Etter det vi får opplyst frå Statens Vegvesen, blir det oppstart av arbeid med planprogram like over sommaren. Planprogrammet er venta å ta om lag eitt år, og deretter vert arbeidet med sjølve planen starta. Det er grunn til å tru at det vil ta minimum 10-15 år før ny E39 står ferdig. Anleggsstart kan tidlegast bli i 2018. Utbygginga vil ta minst 5 år.

Nytt samband mellom Stord og Os vil kunne få store konsekvensar for både samferdselsmønster og regional utvikling i dei sørlege delane av Hordaland. Hordaland fylkeskommune bør ha ei aktiv rolle i arbeidet med den statlege planen. I første omgang er det særleg viktig å få vurdert mulege vegsamband på fylkesvegnettet med tilknytning til ny E39. Fylkeskommunen vil gi innspel til den statlege planen både gjennom deltaking i samarbeidsgrupper med Statens Vegvesen og gjennom høyring av planprogram og statleg plan.

For å førebu dette arbeidet, ønskjer fylkesrådmannen at det vert lyst ut eit oppdrag med å utarbeide eit mulegheitsstudium med tekniske og økonomiske vurderingar for tilknytningar og samband på fylkesvegnettet til ny E39 på strekninga Os-fylkesgrensa mot Rogaland. Denne bør m.a. vurdere alternative ferjeleier på Stord og korleis tilknytninga til E39 skal løysast. Det vert lagt opp til å fremje sak til samferdselsutvalet og fylkesutvalet om dette før sommarferien

Framtidige nye fylkesvegsamband med tilknytning til E39 bør verte vurderte m.a. i neste rullering av Regional transportplan, som er lagt opp til skal bli vedtatt hausten 2017.